



ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2017

Teatersjefens årsrapport	6
Resultatrekneskap	18
Balanse	20
Notar	24
Revisors beretning	32
Statistikk	34
Nøkkeltal	35
Økonomisk resultat	35
Repertoar	38
Tilsette	40
Styret	42
Representasjon	42

Framsdebillete:
 Utgjevar:
 Ansvarleg utgjevar:
 Redaksjon:
 Utforming:

Helvete er de andre. Foto Tingsh
 Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal
 Thomas Bjørnager
 Thomas Bjørnager, Knut Lidvord Høgset,
 Cecilie Lundsholt og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
 Rolf-Inge Pedersen Hjelseth



NESHORNET

av Eugène Ionesco
Oversatt av Lisa Thomas Olsen

Regi: **Viktor Tjernelid**
Scenograf og kostyme: **Franciska Zahle**
Lysdesigner: **Jonas P A Fuglseth**
Lyddesign: **Ida Jakobsen** og **Niclas Anderstedt Lindgren**
Masker: **Cårejånni Enderud**

Med **Bjørnar Lisether Teigen,**
Valborg Frøysnes, Johanna Mørck,
Vivi Sunde, Lars Melsæter Rydjord,
Hugo Mikal Skår, Linn Bjørnvik
Grøder og **Eline Øverby**

Première 27. august 2016
på Teatret Vårt

Framsyningar: 24
Publikum: 1647

A man in profile, facing right, wearing a blue textured jacket and a black headband. He is holding hands with another person whose arm is visible on the right. The background is dark.

EDDERKOPP- KVINNENS KYSS

av Manuel Puig

Regi og scenografi **Thomas Bjørnager**
Lys- og videodesign **Jonas PA Fuglseth**

Med **Hugo Mikal Skår** og **Sigmund
Njøs Hovind**

Première 3. februar 2017
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 17
Publikum: 521



TEATERSJEFENS ÅRSRAPPORT 2017

Det er med stor velnøye vi ser tilbake på 2017. Teatret Vårt er no langt på veg til å realisere våre langsiktige strategiske mål. Året var prega av høgt kunstnarleg nivå og stor aktivitet på våre faste scener og på turne. Igjen har vi produsert kvalitet og bredde i scenekunsttilbodet i Møre og Romsdal og spela for menneske i alle aldrar og frå alle samfunnslag. Vi har hatt ein aukande grad av samarbeidsprosjekt med andre scenekunstinstitusjonar og andre kulturinstitusjonar og igjen vore ein av dei store bidragsytarar til det store kulturtilbodet i fylket vårt. Vi er ein viktig årsak til at Molde kommune igjen held si flotte plassering som landets 8. beste i Kulturindeksen for 2017.

Regnskapet viser eit underskot på kr 539 021. Underskotet skuldast i stor grad høg aktivitet som har ført til større kostnader enn budsjettet. Skifte av pensjonsordning i løpet av året har og ført til ein eingongskostnad på over kr 400 000. Det er vår oppfatning at årets resultat er innanfor det som kan akseptierast samanlikna med den samla omsetninga på over 55 000 000. Eigenkapitalen er på kr 5 937 811, og gir framleis tryggleik til vidare ansvarleg drift.

Statistikken for 2017 viser at sjølv om det samla talet av framsyningar har auka frå 452 i 2016 til 467 i 2017, har publikumstalet vårt falt frå 31 949 i 2016 til 28 041 i 2017. Dette skuldast i høg grad satsing på framsyningar for barn og unge med eit eksperimenterande format med avgrensa publikumskapasitet. Samla sett held billettsalet for vaksenframsyningane nivået frå tidlegare år, mens barneframsyningane framleis slit i opent sal. Særleg satsingar på moderne

dramatikk er i høgare grad avhengig av godt samarbeid med den kulturelle skolesekken.

Det vart produsert 11 nye eigenproduksjonar i 2017. Av desse var heile 8 urpremierar. Å utvikle 8 heilt nye framsyningar av så ulike karakter og i så ulike format som repertoaret vi presenterte ville vore ein bragd for sjølv landets aller største teater. Vi kan på Teatret Vårt vere utroleg stolte over at vi har motet og vilja til å vere med heilt i fronten nasjonalt når det gjeld å utvikle og fornye scenekunst i Norge. Stoltheita blir ikkje mindre av at alle 8 framsyningane hausta strålende kritikkar.

I samband med våre turneaktivitetar har vi fylt måla våre om å gjennomføre 4 årlege turnear der vi besøker fylkets største kulturhus og 2 årlege turneruter som inkluderer mindre spelestader som samfunnshus og grendehus. I 2017 vart turneaktivitetane våre prega av små avvik frå tidlegare. Vi hadde litt «hybride» tilbod som kunne spelast på både små og store plassar og to framsyningar spelte vi berre i dei store byane i fylket og på Høgskulen i Volda. Vi har altså med andre ord byrja å skreddarsy nokon av turneane våre og vil halde fram med den utviklinga av turnearbeidet vårt.

Teatret Vårt held fram med å invitere publikum i alle aldrar til møter, meningsutvekslingar og aktivitetar før og etter mange av framsyningane våre. Særleg avdelinga for scenekunst for barn og unge har gjennomført foajeaktivitetar og auka aktivitet i samband med teaterlaurdag på Arbeideren i Ålesund. Dette viser vilje til å bli ein møtestad for barn



Hugo Mikal Skår, Bjørnar Lisether Teigen og Lars Melsæter Rydjord i *Midt i livet 2*

FOTO: TINGH

og deira familiar. Vårt "Lunsj og lyrikk"-program i Kafe Kurt på Plassen i Molde kan nemnast som ein møteplass for eit vakse publikum.

Teatret Vårt har framleis ein veldig aktiv rolle i samband med administrasjon og drift av PLASSEN. Direktør Knut Lidvard Høgset er dagleg leiar av Molde Kulturbygg AS og teatersjefen er styreleiar. Det merkast på ein liten administrasjon at vi har eit utvida ansvar på dette området men glede er stor over å vere herre i eige hus. Etter fleire år med naturleg fokus på dei reklamasjonssakene som sto igjen etter innflyttinga, er det no langsiktig vedlikehald av bygget og regulering av husleieavtalar med dei enkelte leigetakarane som utgjer arbeidet for styret og den daglege

leiinga av Molde Kulturbygg A/S.

Sambuarskapet på PLASSEN med Molde International jazzfestival, Molde bibliotek, Bjørnsonfestivalen og Kunstsenteret i Møre og Romsdal generer stadig nye samarbeid og synergjar. I mars 2017 avslutta vi den treårige prosjektperioden for «Kreativ Arena PLASSEN». Samarbeidet med Kunstsenteret var retta mot den kreative næringa og støtta med særlege midlar av fylkeskommunen. Under årets Bjørnsonfestival spelte vi framsyninga om verdas beste bok «Radio Don Quijote» og alle skodespelarane i ensemblet deltok med opplesing eller små opptredanar på ulike arrangement gjennom heile festivalen.



Ellen Andreassen i *Goodbye
Kitty* av Rebekka/Huy
FOTO: CHRISANDER BRUN

Teatret Vårt sine teknikarar og utstyrsparken vår vert brukt av dei andre institusjonane i tilknytning til publikumsarrangement.

Også utanfor PLASSEN utvikla vi nye samarbeid. I løpet av året deltok teatersjefen og direktøren på ei rekkje møter med representantar frå dei historiske spela i fylket for å undersøkje moglegheiter for gjensidig kompetanseheving og delt ressursbruk. Det resulterte i felles marknadsføring og ein buss-tur til Lady Arbuthnott i Sunndal arrangert gjennom teatervenneforeininga i Molde.

Premieren på «MerzCabaret» på den nyopna Krona på Romsdalsmuseet var eit resultat av eit anna viktig samarbeid med ein av regionens kulturinstitusjonar. Romsdalsmuseet og Teatret Vårt sitt felles engasjement i forvaltninga av arven etter Kurt Schwitters opphald på Hjertøya bringa fram ein strålende hyllest til den store dadaisten som vart spela både på museet og på teateret. På seinhausten laga vi framsyninga om til eit heildagstilbod til skulane med verkstad og teaterframsyning for å kunne presentere det på Kulturtorget saman med Romsdalsmuseet.

Arbeidet med våre utvalde målgrupper held fram. Det langsiktige strategiske arbeidet på Teatret Vårt har flytta fokus litt vekk frå PLASSEN, og utviklinga av eit urbant vaksenpublikum. Vi ser at vi har lykkast med å nå våre mål på dette området, og har eit stabilt heimepublikum på vår faste arena i Molde. PLASSEN har på alle måtar teke ein posisjon som eit naturleg episentrum for kulturlivet i Molde.

Difor er det satsinga på scenekunst for barn og unge som har oppteke oss mest i 2017. Naturleg forankra i Teatret Vårt sin etterkvart lange historie som viktig pådrivar, satsing på eit moderne barneteater og vårt strategiske mål om å utvikle publikum på Sunnmøre.

Avdelinga vår for scenekunst for barn og unge har også i 2017 vore leia av kunstnarleg leiar Cecilie Lundsholt. Avdelinga held fram med å imponere på nasjonalt nivå med sine formateksperiment og sitt utviklingsarbeid.

Det har vore høgt aktivitetsnivå i avdelinga for scenekunst for barn og unge. I tillegg til årets fire store produksjonar er talet av teaterlaurdagar med familieaktivitetar og gjestespel for barn på Arbeideren nesten dubla samanlikna med fjoråret. I prøveromsordninga stilte vi våre fasilitetar til rådighet for tre forprosjekt. «Babyteater» og «Krokodilletyven» vende seinare tilbake som ferdige framsyningar på teaterlaurdag, og prøveromsprosjektet «Goodbye Kitty» som vart gjort i samarbeid med Dramatikkens Hus, vart utvikla i løpet av hausten til fullskala samarbeidsproduksjon med «Rebekka og Huy». Prosjektet vart støtta av blant andre Kulturrådet. Fjorårets prøveromsprosjekt. «Bzz - et insektiv» sende vi ut på turne til alle flyktningmottak i fylket. Av andre aktivitetar for barn og unge som prega 2017 kan vi nemne DUS-treffet på PLASSEN der Teatret Vårt er regional ansvarleg for Møre og Romsdal og Trøndelag. Det er heldt verkstader og kurs for elevar på Høgskulen i Volda og vi har tilbudd ulike aktivitetar i foajeen før framsyninga på hovudproduksjonane våre for barn. Også på turne.



HAMLETS PAPPA ER ET SPØKELSE

Basert på William Shakespeares
Hamlet

Regi, musikk og konsept **Martin
Rosengården** Scenografi og kos-
tymedesign **Marika Åkerblom**
Lysdesign **Jonas PA Fuglseth**

Med **Jonas Delerud** og **Elisabet Topp**

Première 25. februar 2017 på
Barneteatret Vårt, Arbeideren, Ålesund

Framsyninger: 40
Publikum: 1195

Igjen var familieframsyninga «Snekker Andersen og Julenissen» årets mestseljande fram-syning. Den vart gjennomført i samarbeid med Molde Kulturskole og Istad AS. Ein anonym givar gjorde det også i år mogleg å invitere alle fosterbarn i Molde kommune til juleframsyning på Plassen.

Vi går nå inn i siste året av vårt europeiske nettverkssamarbeid Plattform SHIFT+ og har allereie ein søknad inne om eit nytt fireårig prosjekt i samarbeid med 5 andre europeiske teater og 4 universitet. Play On-prosjektet skal belyse moglegheitene i kryssfeltet mellom dataspel-utvikling og teaterproduksjon. Vi kryssar fingrane og ventar på svar.

Arbeidet med å forbetre tilbodet vårt til den kulturelle skolesekken og dialogen med dei held fram. Vi er utruleg glade for den utviklinga dette har teke i 2017, og kunne ved utgangen av året for fyrste gong på mange år få til eit samarbeid om utviklinga av fram-syninga «Lars er LOL» med tanke på skole-sekkturane i 2018. Prosjektet er støtta med midlar frå Kulturtanken.

Alle desse aktivitetane med særleg fokus på barn og unge som vi har gjennomført i 2017 gjer oss ambisiøse og inspirerte i det vidare arbeidet med å realisere «Sørsida»-prosjektet i Ålesund. Det er levert eit romprogram til fylkeskommunen, og Teatret Vårt har vore fast representert i brukargruppa saman med tilsette frå Ålesund vidaregåande skole (og faglærarar frå dans- og dramalinja på Fagerlia vidaregåande skole) og Ålesund Kulturskole. Vi er ganske langt komne i å formulere ei framtidsforteljing.

Resultata vi får til opp mot vår publikum i alle aldrar og ikkje minst bredda i tilbodet vi presenterer er noko alle på Teatret Vårt kan vere stolte av. Med den dedikerte støtta frå vår store venneforeining og teatervertane som trufast stiller, klarer vi å gjere Teatret Vårt til eit inkluderande, modig og moderne teater som rekkjer handa ut mot publikummet sitt når terskelen inn til salen blir høg.

Eg vil gjerne nytte høvet til å takke alle tilsette på Teatret Vårt og styret for den store felles innsatsen i 2017.

Thomas Bjørnager
teatersjef





Vivi Sunde i Radio Don Quijote
FOTO: TINGH



HELVETE ER DE ANDRE

av Eline Arbo

Instruktør **Eline Arbo** Kostymdesigner
Sarah Nixon Scenograf **Juul Dekker**
Masker **Cáireánni Enderud**
Lysdesigner **Finn Landsperg**

Med **Lars Melsæter Rydjord**, **Sara
Fellman**, **Johanna Mørck** og **Bjørnar
Lisether Teigen**

Uppremière 9. mars 2017
på Teatret Vårt, Molde.

Framsýningar: 22
Publikum: 1171







RADIO DON QUIJOTE

fritt etter Cervantes
av Tormod Carlsen og ensemblet

Regi **Tormod Carlsen**
Scenograf **Thomas Bjørnager**

Med **Vivi Sunde, Lars Melsæter**
Rydjord, lingsen, Bjørnar Lisether
Teigen, Johanna Mørck, Hugo
Mikal Skår og Sara Fellman

Première 2. september 2017 på Teatret
Vårt, Molde.

Framsyninger: 15
Publikum: 704

RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2017	2016
DRIFTSINNTEKTER			
Billett- og programsal	3	1 700 815	1 701 066
Salg Kafé Kurt		3 817 019	3 686 791
Andre inntekter		2 973 081	3 430 635
Driftstilskott		46 650 595	45 765 064
Sum driftsinntekter		55 141 510	54 583 555
DRIFTSKOSTNADER			
Varekjøp Kafé Kurt		1 319 069	1 413 941
Kostnader arbeidskraft	4	30 135 506	28 695 625
Materialkostnader		1 253 841	1 027 309
Sal- og informasjonskostnader		1 690 009	1 865 025
Kostnader lokale		9 374 085	9 197 433
Utstyrskostnader		240 296	145 609
Avskrivinger på varige driftsmidler	5	880 329	827 439
Andre driftskostnader		10 771 381	10 920 086
Sum driftskostnader		55 664 515	54 092 468
Driftsresultat		-523 005	491 088
FINANSINNTEKT/-KOSTNAD			
Anna renteinntekt		66 333	59 395
Anna finansinntekt		26 127	57 639
Anna rentekostnad		795	4 315
Anna finanskostnad		107 680	88 484
Resultat av finansielle postar		-16 016	24 234
Ordinært resultat før skattekostnad		-539 021	515 322
Årsresultat		-539 021	515 322
Opplysningar om:			
Avsett til anna egenkapital		0	515 322
Overført frå anna egenkapital		539 021	0
Sum disponert		-539 021	515 322



GOODBYE KITTY

av **Rebekka/Huy**

En samproduksjon mellom Barneteatret
Vårt og Rebekka/Huy

Konsept og iscenesettelse **Rebekka
Nystabakk** og **Huy Le Vo**

Scenografi, lys og kostymedesign

Chrisander Brun

Komponist **Rakel Nystabakk**

Med **Ellen Andreassen, Magnus
Myhr, Lars August Jørgensen** og
Rakel Nystabakk

Premiere på Barneteatret Vårt,
Arbeideren 4. november 2017

Framsyringer: 33
Publikum: 1139

BALANSE

	NOTE	2017	2016
EIENDELAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Varige driftsmidler			
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		3 119 867	3 640 816
Sum varige anleggsmidler	5	3 119 867	3 640 816
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i tilknyttede selskap	9	426 000	426 000
Lån til tilknyttede selskap	9	0	1 307 936
Investeringar i aksjar og andelar	9	41 000	41 000
Andre langsiktige fordringar	9	908 952	795 104
Sum finansielle anleggsmidler		1 375 952	2 570 040
Sum anleggsmidler		4 495 819	6 210 857
OMLØPSMIDLAR			
Lager av varer og annen beholdning		215 413	242 191
Sum varar		215 413	242 191
Fordringar			
Kundefordringar		636 697	1 179 154
Andre kortsiktige fordringar	10	964 033	900 067
Sum fordringar		1 600 730	2 079 221
Bankinnskott, kontantar o.l.			
Bankinnskott, kontantar o.l.	8	10 570 562	7 536 930
Sum bankinnskott, kontantar o.l.		10 570 562	7 536 930
Sum omløpsmidler		12 386 705	9 858 342
SUM EIGENDELAR		16 882 524	16 069 199

BALANSE

	NOTE	2017	2016
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskott eigenkapital			
Aksjekapital		600 000	600 000
Sum innskott eienkapital	6,7	600 000	600 000
Opptjent eigenkapital			
Anna eigenkapital	6	5 337 811	5 876 832
Sum opptjent eigenkapital		5 337 811	5 876 832
Sum eigenkapital		5 937 811	6 476 832
GJELD			
Andre avsetningar for forpliktelser		972 018	859 757
Sum avsetningar for forpliktelser		972 018	859 757
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 056 902	353 434
Skuldig offentlege avgiftar		2 462 023	1 984 819
Anna kortsiktig gjeld	10	6 453 769	6 394 358
Sum kortsiktig gjeld		9 972 695	8 732 611
Sum gjeld		10 944 713	9 592 367
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		16 882 524	16 069 199

Molde 12. april 2018

Leon Aurdal
Leon Aurdal
styreleiar

Einar Hernborg
Einar Hernborg
nestleiar

Oskar Skulstad
Oskar Skulstad
styremedlem

Janne Kvanne
Janne Kvanne
styremedlem

Bjørnar Lisether Teigen
Bjørnar Lisether Teigen
styremedlem

Ingvild Aas
Ingvild Aas
styremedlem

Heidi Nakken
Heidi Nakken
styremedlem



NESHORNET

av Eugène Ionesco
Oversatt av Lisa Thomas Olsen

Regi **Viktor Tjerneld**
Scenograf og kostyme **Franciska Zahle**
Lysdesigner **Jonas P A Fuglseth**
Lyddesign **Ida Jakobsen** og **Niclas
Anderstedt Lindgren**
Masker **Cårejänni Enderud**

Med **Bjørnar Lisether Teigen,**
Valborg Frøysnes, Johanna Mørck,
Vivi Sunde, Lars Melsæter Rydjord,
Hugo Mikal Skår, Linn Bjørnvik
Grøder og **Eline Øverby**

Première 27. august 2016
på Teatret Vårt

Framsyninger: 24
Publikum: 1647



NOTAR

NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatført etter kvar einskildt framsyning. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til virkelig verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er for-

bigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært over forventet økonomisk levetid.

Aksjar og andeler i datterselskap og tilknytta selskap er oppført til anskaffelseskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien. Selskapet driv kafe. Denne er skattepliktig, medan den øvrige drifta er fritaken for beskatting.

NOTE 2 TURNÉUTGIFTER

	2017	2016
Lønsrelaterte kostnader	1 777 829	1 278 520
Husleige, arr.honorar m.m	688 175	371 448
Transport og bilhald	656 479	714 761
Hotell	548 560	344 832
Annonsering på turné	379 465	228 215
Sum turneutgifter	4 050 508	2 937 776

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnèverksemd. Ordinær løn i turnèperioden er tildømes ikkje medrekna, men kostnader til turnétilllegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turnèverksemd.

NOTE 3**BILLETTINNTEKTER 2017**

Snekker Andersen og Julenissen	333 823
Den lille havfrue	226 055
Midt i livet 2	167 770
Neshornet	120 982
Doktor Bergland bryter taushetsplikten	102 795
Teaterlørdag	92 395
Helvete er de andre	89 560
Hamlets pappa er et spøkelse	65 527
1950 - Spionen	59 086
Pusterom	49 155
Goodbye Kitty	48 070
Merz cabaret	46 550
Radio don quijote	46 420
BZZ - Et insektliv	42 000
Midt i livet	36 275
Brevduene	36 189
Edderkoppkvinnens kyss	32 663
Tøysete teselskp med Taus	27 010
1349 - Pesten	24 165
Diverse produksjonar	54 325
Samla billettinntekter	1 700 815

NOTE 4**LØNSKOSTNADER**

Lønskostnader består av følgjande postar:

	2017	2016
Løningar	22 035 686	21 329 765
Folketrygdavgift	5 591 540	3 378 878
Pensjonskostnader	3 076 997	2 256 510
Andre lønskostnader	1 431 283	730 472
Sum	30 135 506	28 695 625

Gjennomsnittleg tal på ansatte	42,0	41,5
-----------------------------------	------	------

Ytelsar til leiande personar:

	Teatersjef	Styret
Løn	854 002	148 600
Anna godtgjersle	150 226	

Kostnad til revisor kr. 38 800,- til pliktrevisjon. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 12 500,- og anna bistand kr 2 450,-. Tal er utan mva.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktelsen er ikkje balanseført.

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bilar	Maskiner, inventar	Webside	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	2 018 711	8 532 857		10 551 568
Tilgang i løpet av året		256 242	103 138	359 380
Avgang i løpet av året				
Akkumulerte avskrivninger	1 534 030	6 257 051		7 791 081
Bokført verdi 31.12.	484 681	2 532 048	103 138	3 119 867
Årets avskrivninger	150 117	730 212	0	880 329
Avskr.tid	10 år	10 år	3 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

NOTE 6 EIGENKAPITAL

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	600 000	5 876 832	6 476 832
Årsresultat		- 539 021	-539 021
Eigenkapital pr. 31.12.	600 000	5 337 811	5 937 811

NOTE 7

TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærer er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44%
Molde kommune	132	44%
Ålesund kommune	24	8%
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	12	4%
Sum	300	100%

NOTE 8

BUNDNE MIDLAR

Av selskapets bankinnskott utgjør bundne skattetreksmidlar kr 1 060 334.

NOTE 9

FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR

	2017	2016
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Molde Sentrum AS	3 000	3 000
Molde kulturbygg AS	426 000	426 000
Eigenkapitalinnskott i KLP	659 884	582 140
Sum	1 126 884	1 049 140

Tilknytt selskap

Selskapet har eigarandel i fylgjande selskap:	Forretnings- kontor	Eigarandel	Selskapets eigenkapital	Selskapets resultat
Molde Kulturbygg AS	Molde	43%	- 6 532 647	- 1 456 201

Mellomværande med tilknytt selskap

	2017	2016
Langsiktig fordring, lån	0	1 307 458
Kundefordring	82 671	758 458
Leverandørgjeld	4 924	0

NOTE 10

PERIODISERINGAR OG KORTSIKTIG GJELD

Diverse forskottsbetalte kostnader i 2017 som er aktivert og vil bli rekneskapsført på år 2018 er:

Påløpne kostnader på egne framsyningar våren 2018	611 393
Periodisert yrkesskadeforsikring og forskot løn	256 486
Andre periodiserte driftskostnader	71 154

Forskottsbetalte inntekter/påløpne kostnader som er avsett:

Tilskot til investering scene	21 431
Billettsal for Riksteatret og andre gjestespel 2018	96 645
Saldo opptente inntekter for teatrets vener	261 969
Sal gavekort	90 546
Gåvefond	272 321
Forskottsbetalt husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune	2 080 800
Ikkje inntektsført husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommunen tilsvarende 5 månader i 2012	876 633



MERZCABARET

tekst Kurt Schwitters
Konsept og performance **Vivi Sunde**
Musiker **Bård Watn**

Urpremière 10. mars 2017
på Krona, Romsdalsmuseet

Forestillinger: 11
Publikum: 456





DEN LILLE HAVFRUEN

Etter et eventyr av H.C. Andersen
Dramatisert av Mike Kenny
Oversatt av Morten W. Krogstad

Regi **Linn Meyer Kongshavn**
Scenograf og kostymedesign **Marianne Stranger**
Komponist **Thomas Kongshavn**
Lyddesign **Verdens Sterkeste Mann**
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**
Med **Sofia Knudsen Estifanos** og **Dagfinn Tutturen**

Barneteatret Vårt
Première 15. september 2017

Framsyninger: 35
Publikum: 2793

REVISJONSMELDING



BDO AS
Nelsonshed
Serviceboks 15
6405 Molde

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert AS Regionteatret i Møre og Romsdal sin årsrekneskap som er sammansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultat for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krav. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Leilinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon omfattar årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den andre informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den andre informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leilinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leilinga er òg ansvarleg for naudsynt internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Uavhengig revisors beretning 2017 AS Regionteatret i Møre og Romsdal - Side 1 av 3



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leilinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom helle revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av leilinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leilinga sin bruk av vidare drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg visse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg visse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

Uavhengig revisors beretning 2017 AS Regionteatret i Møre og Romsdal - Side 2 av 3



- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggspopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 - Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon-, meiner vi at leinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsklikk i Noreg.

Molde 12. april 2018
BDO AS


Arne Torsæth
Registrert revisor

Uavhengig revisors beretning 2017 AS Regionteatret i Møre og Romsdal - Side 3 av 3

BDO AS, et norsk selskapskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Forberedelsesnummer: 102 903 460 0100 0003.

STØTTA AV



GENERALSPONSOR



SPAREBANKEN MØRE

HOVUDSPONSORAR



Romsdals Budstifte

Sunnmørsposten

STATISTIKK 2017

Eigenproduksjonar	Framsyningar	Publikum
Brevduene	9	478
Edderkoppkvinnens kyss	17	521
Midt i livet	5	328
Midt i livet 2	9	1 170
Den lille havfruen	35	2 793
Det lille grantreet	3	210
Ein skodespelar tar med seg ei bok	3	140
Det var en gang et eventyr	6	240
Hamlets pappa er et spøkelse	40	1 195
Helvete er de andre	22	1 171
Labyrint	37	141
Mellom togene	1	110
Neshornet	24	1 647
Lunsj og lyrikk	23	569
Snekker Andersen og Julenissen kommer på besøk	11	637
Pusterom	4	229
Radio Don Quijote	15	704
Romkadettene	2	68
Snekker Andersen og Julenissen	24	3 565
Arkivet	4	200
Formidlingsaktivitet	24	1 309
SUM EIGENPRODUKSJONAR	318	17 425

Samproduksjonar	Framsyningar	Publikum
1950 Spionen	13	880
De tre små griser	7	540
DUS	7	615
BZz - et insektsliv	29	565
Eg visste ikkje du kunne danse	4	184
Goodbye Kitty	33	1 139
Den store familiedagen	1	410
Merz cabaret	11	456
Traitor	15	387
Kurt på veien	1	42
Sommerles	1	100
Krokodilletyven	1	50
Lise Holvik	1	14
Bybrannatt	1	350
Fremtidens stemme	1	53
SUM SAMPRODUKSJONAR	126	5 785

Gjestespel		
Dr. Bergland bryter taushetsplikten	2	461
1349 Pesten	1	153
Nattmaskin	1	86
Kjære Europa	1	66
Rekyl	1	40
Jerada	1	85
Heia Flåklipa!	2	377
En mann ved navn Ove	4	780
Kollaps i kulissene	1	636
Kan nokon gripe inn	1	191
Konsert julebord	6	584
Ønskeskogen	3	147
Tøysete teselskap med taus	12	600
Prinsessen på erten	6	156
Otesanek	2	20
Kokkeklovnene og sjongleringskurs	2	40
Klovneskrek	2	138
Jeg vil heller danse på bordet	2	110
Jakten på den forsvunnede		
tannbørsten	2	104
Drømmekappen	2	57
Sum	54	4 831
SUM TOTALT	498	28 041

NØKKELTAL

Publikum	28 041
Framsyningar	498
Billettinntekter	1 700 815
Tilskott for DKS turnéar	
Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS	60,65
Kulturdepartementet	29 200 01
Kulturdepartementet (husleige)	2 580 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	6 257 045
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	2 104 000
Molde kommune	5 219 593
Ålesund kommune	1 037 956
Andre tilskot	252 000
Samla tilskott	46 650 595

ØKONOMISK RESULTAT

	2017	2016	2015
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	1,7	1,7	2,3
Kafé	3,8	3,7	3,5
Anna	3,0	3,4	3,1
Tilskott	46,7	45,8	43,7
Sum	55,2	54,6	52,6
<u>Kostnader</u>			
Drift	55,7	54,1	52,1
Finansk.	0	0	0
Ekstraord.	0	0	0
Sum	55,7	54,1	52,1
Resultat	-0,5	0,5	0,5
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	6,0	6,5	6,0

A woman with dark hair tied back is shown in profile, looking upwards and to the right. She is wearing a dark, long-sleeved top. The background is a wall covered with a world map and several posters. One prominent poster on the left says "OCCUPY EVERYWHERE" with a graphic of a person. Another poster on the right says "TEAR DOWN THE BORDERS" with a graphic of a person. There are also smaller posters and flags pinned to the wall. Two large, glowing blue spheres are visible in the upper part of the frame.

TRAITOR

Samproduksjon med Pilot Theatre i
PLATFORM shift+ nettverket

Regi **Cecilie Lundsholt** og **Esther Richardson**

Översettelse og regihjelp **Elisabet Topp**

Dramaturgi **Richard Hurford**

Scenograf og kostymedesigner **Kate Unwin**

Komponist **Richard Hammerton**

Film og grafisk design **Anders Nybo**


Med **Thale Tørnes**, **Line Brå**
Johansen, **Kevin Mbugua** og **Jonas**
Delerud

Teatret Vårt
Norgespremiere 21. april 2017

Framsyninger: 11
Publikum: 227



REPERTOAR 2017



EDDERKOPP-KVINNENS KYSS

av **Manuel Puig**
Oversettelse
Svein Selvig

Regi og scenografi
Thomas Bjørnager
Lys- og videodesign
Jonas P. A. Fuglseth
Medvirkende
Hugo Mikal Skår og
Lars Melsæter Rydjord

Teatret Vårt
Première 3. februar 2017



HAMLETS PAPPA ER ET SPØKELSE

Basert på **William Shakespeares Hamlet**

Regi, musikk og konsept
Martin Rosengården
Scenografi og kostymedesign
Marika Åkerblom
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**
Medvirkende **Jonas Delerud** og **Elisabet Topp**

Barneteatret Vårt
Première 25. februar 2017



HELVETE ER DE ANDRE

av **Eline Arbo**

Regi **Eline Arbo**
Kostymdesigner
Sarah Nixon
Scenograf
Juul Dekker
Maskør
Cårejønne Enderud
Lysdesigner
Finn Landsperg

Medvirkende
Lars Melsæter Rydjord,
Sara Fellman, **Johanna Mørck** og **Bjørnar Lisether Teigen**

Teatret Vårt
Première 9. mars 2017



MERZ CABARET

Tekst
Kurt Schwitters
Konsept og performance
Vivi Sunde
Musiker **Bård Watn**

Romsdalsmuseet
Urpremière 10. mars 2017



TRAITOR

Samproduksjon med **Pilot Theatre** i **PLATFORM shift+** nettverket

Regi **Cecilie Lundsholt** og
Esther Richardson
Oversettelse og regihjelp
Elisabet Topp
Dramaturgi **Richard Hurford**
Scenograf og kostymedesigner **Kate Unwin**
Komponist **Richard Hammerton**
Film og grafisk design
Anders Nybø

Med **Thale Tornes**, **Line Brå Johansen**, **Kevin Mbugua** og **Jonas Delerud**

Teatret Vårt
Norgespremière 21. april



1950 SPIONEN

Samproduksjon med **Oslo Nye Teater** og **Rogaland Teater**

Av **Yngve Sundvor** og
Statsteatret
Regi **Yngve Sundvor**
Medvirkende **Per Kjerstad**,
Kim Sørensen, **Gard B. Eidsvold**, **Karoline Krüger**

Teatret Vårt
Moldepremière 27. april



RADIO DON QUIJOTE

fritt etter Cervantes
av Tormod Carlsen og
ensemblet

Regi **Tormod Carlsen**
Scenograf **Thomas Bjørnager**

Med **Vivi Sunde, Lars Melsæter Rydjord, lingsen, Bjørnar Lisether Teigen, Johanna Mørck, Hugo Mikal Skår og Sara Fellman**

Teatret Vårt
Première 2. september.




DEN LILLE HAVFRUEN

Etter et eventyr av H.C. Andersen. Dramatisert av Mike Kenny. Oversatt av Morten W. Krogstad

Regi **Linn Meyer Kongs- havn** Scenograf og kos- tymedesign **Marianne Stranger** Komponist **Thomas Kongshavn** Lyddesign **Verdens Sterkeste Mann** Lyddesign **Jonas P. A. Fuglseth**

Med **Sofia Knudsen Es- tifanos og Dagfinn Tutturen**

Barneteatret Vårt
Première 15. september



NESHORNET

av Eugène Ionesco
Oversatt av Lisa Thomas Olsen

Regi **Viktor Tjerneld**
Scenograf og kostyme **Franciska Zahle**
Lyddesigner **Jonas P A Fuglseth** Lyddesign **Ida Jakobsen og Niclas Anderstedt Lindgren**
Masker **Cårejänni Enderud**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Valborg Frøysnes, Johanna Mørck, Vivi Sunde, Lars Melsæter Rydjord, Hugo Mikal Skår, Linn Bjørnvik Grøder og Eline Øverby**

Ørsta kulturhus
Première 28. oktober



GOODBYE KITTY

av Rebekka/Huy
En samproduksjon mellom
Barneteatret Vårt og
Rebekka/Huy

Konsept og iscenesettelse
Rebekka Nystabakk og
Huy Le Vo Scenografi, lys og
kostymedesign **Chrisander Brun** Komponist **Rakel Nystabakk**

Med **Ellen Andreassen, Magnus Myhr, Lars August Jørgensen og Rakel Nystabakk**

Barneteatret Vårt
Urpremière 4. november




MIDT I LIVET 2

av Bjørnar Lisether Teigen

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**
Musikalsk konsulent **Jonas Høgseth**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Hugo Mikal Skår og Lars Melsæter Rydjord**

Teatret Vårt
Urpremière 23. november



SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og scenografi **Thomas Bjørnager** Musikk/ komponist **Steinar Raknes** Animator **Andreas Paleologos** Lyddesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Sigmund Njøs Hovind, Hans Henrik Sveum, Johanna Mørck** og elever ved **Molde kulturskole**

Teatret Vårt
Première 30. november

TILSETTE VED TEATRET VÅRT

Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Vivi Sunde	skodespelar	
Bjørnar Lisether Teigen	skodespelar	
Lars Melsæter Rydjord	skodespelar	
Hugo Mikal Skår	skodespelar	
Johanna Mørck	skodespelar	
Sara Fellman	skodespelar	(til 30.09.)
Sofia Knudsen Estifanos	skodespelar	(07.08.-12.11.)
Sondre Krogtoft Larsen	skodespelar	(til 15.01.)
Thomas Ottersen	skodespelar	(til 15.01.)
Martin Karelus Østensen	skodespelar	(til 15.01.)
Marte Mørland	skodespelar	(til 15.01.)
Elisabeth Schelderup Topp	skodespelar	(01.01.-26.04.)
Jonas Delerud	skodespelar	(01.01.-26.04.)
Tobias Heiberg	skodespelar	(01.05.-14.05.)
Line Heie Hellum	skodespelar	(15.02.-15.03.)
Linn Bjørnvik Grøder	skodespelar	(01.09.-31.12.)
Valborg Frøysnes	skodespelar	(04.09.-31.12.)
Astrid Overaa	skodespelar	(frå 01.11.)
Ellen Andreassen	skodespelar	(07.11.-03.12.)
Lars August Jørgensen	skodespelar	(07.11.-03.12.)
Magnus Eide Myhr	skodespelar	(07.11.-03.12.)
Rakel Nystabakk	skodespelar	(07.11.-03.12.)
Sigmund Njøs Hovind	skodespelar	(07.11.-20.12.)
Hans Erik Sveum	skodespelar	(07.11.-20.12.)
Steinar Raknes	musikar	(27.11-20.12)

Kafè Kurt:

Mohamed Zbidi	kjøkkensjef	
Freddy Hessvik	restaurantsjef	
Mailin Stokke Hessvik	ekstrahjelp	
Synnøve Aune	ekstrahjelp	
Astrid Mordal Hilde	ekstrahjelp	
Lara A. Balqis	ekstrahjelp	
Asta Navickiene	ekstrahjelp	
Kaja Kristiansen	ekstrahjelp	
Sveinung Fless Prestholt	ekstrahjelp	
Janita Trondal	kokk	

Teknisk

Georgina Alexander	inspisient	
Gerd G. Austnes	leiar systova	
Freya Imogen L. Busby	kostymetilverkar	
Roy Carlsen	produsent	
Halvard Fiksdal	produsent	
Martine S.Finsås	sufflør	(til 28.02.)
Jonas P A Fuglset	multiteknikar	
Tore Hagseth	snikkar/sceneteknikar	(01.02.-31.05., og frå 01.10.)
Arnstein Hoem	smed/sjåfør	
Knut A Eikrem Karlberg	snikkar/sceneteknikar	(01.01.-30.06.)
Ingvar Kristensen	multiteknikar	
Finn Landsperg	lysmeister	
Svein Larsen	teknisk leiar	
Elin Nyheim	inspisient	
Aleksandar Panayotov	snikkar/sceneteknikar	
David Richard Pearson	snikkar	(frå 01.12.)
Bergliot Rørvik	rekvisitør	(til 31.12.)
Jørn Øyvind Rørvik Skar	sufflør	(frå 04.09.)
Henrik S. Solberg	teknikarassistent	

Administrasjon:

Thomas Bjørnager	teatersjef	
Mary Farstad	adm.konsulent	
Monica Hagset	økonomikonsulent	
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth	informasjonsleiar	
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskapsleiar	
Knut Lidvard Høgset	direktør	
Tiril Høgset	billettseljar	
Mathilde Håseth-Eik	billettseljar	
Karoline Strand Kormeset	billettseljar	
Cecilie Grydeland Lundsholt	kunstnerisk leiar BTV	
Marianne Myrbostad	formidlingsleiar	
Hanna Rzepecka	aspirant	(til 31.12.)
Kjersti Solenes	marknadsleiar	
Gunn Talstad	adm.sekretær	
Kari Eline Ulvestad		
Solveig Mordal Vågen	salsleiar	

STYRET

Representant frå Møre og Romsdal

fylkeskommune:

Leon Jarle Aurdal	styreleiar
Marit Ingvild Aas	styremedlem
Heidi Nakken	styremedlem
Frøydis Austigard	varamedlem

Representant frå Molde kommune:

Einar Hernborg	nestleiar
Trude Nistad	varamedlem

Representant frå Ålesund kommune:

Oskar Skulstad	styremedlem
Knut Anders Oskarson	varamedlem

Representant frå Noregs Ungdomslag,

Møre og Romsdal:

Janne Petrine Kvamme	styremedlem
Reidun Flatøy	varamedlem

Representant frå dei ansatte:

Bjørnar Lisether Teigen	styremedlem
Jonas PA Fuglseth	1. varamedlem/observatør
Monica Hagset	2. varamedlem/observatør

REPRESENTASJON

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Cecilie Grydeland Lundsholt

Molde Kulturbbygg AS:

Thomas Bjørnager

Norsk Teaterlederforum:

Thomas Bjørnager

Knut Lidvard Høgset



SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og
scenografi **Thomas Bjørnager**
Musikk/komponist **Steinar Raknes**
Animatør **Andreas Paleologos**
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Sigmund Njøs Hovind, Hans
Henrik Sveum, Johanna Mørch** og
elevar ved **Molde kulturskole**
Teatret Vårt

Premiere 30. november 2017
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 24
Publikum: 3565



TEATRET VÅRT

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no